

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017**

### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Line Johansen frå Deloitte orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan arkivering og journalføring og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at svarprosent på spørjeundersøking blant dei tilsette no er kome opp i ca. 56 %. Her er det sendt ut påminning m.a. på intranettet. Når det gjeld spørjeundersøking blant fylkestingspolitikarane er svarprosenten ca. 47%. Kontrollutvalet ønskjer at det vert send ei påminning om at alle bør svare innan 12.12.2017, med ei eventuell påminning under tingsetet. Utvalet oppmoder fylkesordførar, saman med kontrollutvalsleiar, om å bidra til å sende ei slik påminning. Sekretariatet, saman med Deloitte, lagar eit forslag til tekst som vert lagt fram for fylkesordførar og kontrollutvalsleiar.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet oppmoder fylkesordførar, saman med kontrollutvalsleiar, om å bidra til å sende ei påminning om at fylkestingsrepresentantane må svare på spørjeundersøkinga i høve forvaltningsrevisjon innan arkivering og journalføring.
2. Sekretariatet, saman med Deloitte, lagar eit forslag til tekst som vert lagt fram for fylkesordførar og kontrollutvalsleiar.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering